



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
24.3.2017	2017/7229	Morten Larsen

Saksnr 4/17	Utval Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	Møtedato 31.3.2017
------------------------------	---	------------------------------

HMS-ÅRSRAPPORT 2016

Vedlegg

HMS-årsrapport 2016.

Bakgrunn

I samsvar med HMS-systemhandboka skal driftseiningane årleg rapportere HMS-status i eininga per 31.12. Driftseining blir i denne samanhengen nytta som samleomgrep for alle organisatoriske nivå som er ansvarleg for å følgje opp HMS-systemhandboka sine krav til eit systematisk HMS-arbeid heimla i arbeidsmiljølova § 3-1 og internkontrollforskriften.

HMS-årsrapporten skal bidra til å:

- kartlegge kva for standard driftseiningane har i høve til HMS-krav som er fastsett i lover, forskrifter og fylket sine egne retningslinjer
- analysere avvik frå standard
- kartlegge grunnlag for – og foreslå prioriterte tiltak i det vidare HMS-arbeidet

Den vedlagte HMS-årsrapporten er ei oppsummering av rapportane frå alle driftseiningane i fylkeskommunen. Rapporten beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta og gir signal for det vidare forbetningsarbeidet.

Følgjande element inngår i årsrapporten frå driftseiningane:

1. Status på driftseininga sitt systematiske HMS-arbeid
2. Status på HMS-resultatmåla som er gitt av fylkesrådmannen
3. Status på HMS-avvik
4. Oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet
5. Statistisk informasjon om HMS-arbeidet, Arbeidsmiljøutval og rusførebygging
6. Beredskap og kriseøvingar
7. Signal for vidare arbeid med HMS

Forslag til vedtak:

SAMU-T tar HMS-årsrapport 2016 til orientering.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Administrasjonsleiar